


I gamle fotefar



ØYER OG TRETSEN HISTORIELAG 2003

I gamle fotefar

Redaksjon:

Lars Holmen Oddvar Stensrud
Geir Korslund



ØYER OG TRETTEN HISTORIELAG
2003

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s, Tretten.
ISBN 82-7275-127-5

Innhold

Kjære lesar	7
Gunnar B. Styve	12
Oddvar Stensrud	15
Asbjørn Dahl:	18
Lars Holmen:	21
Kjell Elvestad:	25
Red:	28
Oddvar Stensrud:	33
Lars Holmen:	35
Christel Rønning:	40
Kjell Haugerud:	52
Red:	62
Lars Holmen:	65
Red:	72
Bøker og hefter til sals	79

Omslagsbilde:

Botrudsetra på Hornsjøen ca. 1935. Kubølingen kjem heim til kvelds. Lars Botrud til venstre på bildet. Dei andre er ukjende. Fotograf: H. Grone. Ottar Moe, Øyer, eig bildet.

Kjære lesar!

Så er vi her igjen med enda ei utgave av "I gamle fotefar". Det er like spennande kvart år om det lykkast, og det har det gjort, også i år. Som du vil sjå av innholdslista, er det svært variert stoff, og vi har tru på at du vil finne noko av interesse.

Og vi er støtt takksame for bidrag. Trur du deg ikkje til å skrive sjølv, så kan du ta kontakt med ein av oss, så kan *du* fortelja, og *vi* skrive. Målform vel du sjølv!

Så til slutt: Hjertereg takk til alle som har gjeve oss bidrag med tekster, bilder og opplysningar av ulike slag!

Øyer/Tretten vinterdagen 2003

Helsing frå oss i redaksjonen

Gunnar B. Styve:

Skulegardar og lærarjord i Øyer

Dei gamle folkeskulane i Øyer slik me kjenner dei, lat oss seia før og etter midten av førre hundreåret, hadde husvære for læraren med familie i eller ved skulen. I tillegg var det dyrkjingsjord, mykje eller lite, anten eit bruk der ein m.a. kunne halda husdyr, eller berre ein hage der det var råd å dyrka poteter, grønsaker, frukt og bær. I jordbrukslandet Norge var det liksom utenkjeleg å ikkje dyrka jorda dersom ein budde slik til. For mange er det vel slik den dag i dag.

Her i bygda kjenner me til klokkgarden i Øyer, klokkgarden på Tretten og skulegardane Dulven og Vik. På desse stadene har det vori drivi allsidig jordbruk i lengre tid. Både på Dulven, Vik og på Solberg klokkgard på Tretten har det i tillegg vori skogteigar der ein kunne hogga både ved og tømmer. Ved dei andre skulane i Øyer var det større eller mindre hagar.

Denne samanhengen mellom husrom og dyrkjingsjord for klokkar og lærarar i bygda er så og seia nedfelt i lovs form, m.a. i Lov om Almueskolevæsenet på Landet frå 1860. I § 24 i denne lova heiter det: ”I enhver Skolekommune skal der, med eller uden Bidrag af Amtsskolekassen, i det mindste til en af Lærerne anskaffes Familiebolig med hosliggende Jordvei af saadan Størrelse, at derpaa mindst to Kjør kunne fødes og en Have anlegges.”

For klokken og klokkarstillingen seier den same lova: ”Er skolelærerbestilling forenet med en Kirkesangerpost, kan ovenstaaende Bestemmelse ansees opfylldt ved den Klokkergaard, som enten haves, eller i Overeensstemmelse med (.....) udlägges, eller hvor der ikke er Adgang ved den Jord, som af Præstegaarde i saadant Øiemed er eller bliver afgivet.”

Før 1860 var omgangsskulen den vanlege skuleformen i Norge. I 1840 var 92 % av skuleborna knytta til omgangsskulen. I 1853 hadde berre omlag 16 % av skuleborna ein fastskule å gå til. Men det var stor skilnad frå prestegjeld til prestegjeld på skuletilboda. Sentrale politikarar på denne tida tok til orde for at prestegjelda skulle ta ansvar for å greia minimumskrava i skulelova – og at staten etterpå skulle støtta opp med tiltak. Dei folkevalde kommunestyra, formannskap og skulekommisjon måtte få større ansvar og med det skapa større interesse for skuleutviklinga. I mange bygder veit vi at ivrige sokneprestar var viktige pådrivarar i denne prosessen. I Øyer var det ein slik – sokneprest Niels Christian Nissen (1803-1869).

Øyer klokkgard

Skulelova av 1827 bestemte at det i kvart prestegjeld skulle vera minst ein fastskule der klokken samstundes var lærar. I Øyer kom det til å bli ein lang og hard strid før dette vart gjennomført. Tor Ile seier det slik. ”Det er full ingor kommunesak som har vekt større røre i bygden hell den om fastskulen” Sokneprest Nissen, ”ein varm skulevenn, kunnog og dyktig –” arbeidde ivrig



Klokkgarden i Øyer etter at den vart privat eide.

for at fastskulen skulle innførast. Tor Ille skriv om ein omfattande prosess over lang tid – om møte, innstillingar, protestar ”frå gardbrukere i Øyer prestegjeld - ”og til og med om rettssak . –”ein lang og beisk strid, som drog ette seg soksmål og anna vondt –” Bakgrunnen for dette var m.a. lovpåbodet om at folket i krinsen der fastskulen låg, skulle ha det økonomiske ansvaret for fastskulen.

Resultatet vart likevel at fastskulen vart innført i Øyer sokn, klokkar og lærar fekk hus og heim og jord. Husa høyrd til klokkaren, Johannes Arnesen. Han selde dei til Øyer kommune i 1863, og jorda var leigd unna prestegarden av sokneprest Nissen, eit jorstykke som kyrkjeministeren i 1847 karakteriserte slik –”det omhandlede Jordstykket indeholder 4 Mål Ager, og at det Engeland, der vel er af temmelig Ustrækning, men klippefuldt, i det høieste har afgivet 2 Vinterlæs Hø om Året.”

I 1946 fekk skulestyret eit stort problem.

Arne Opheim, mangeårig lærar ved Vidarheim skule og klokkar i Øyer kyrkje, sa opp stillinga både som lærar og som klokkar. Heilt sidan klokkgarden vart til, hadde lærar og klokkar vori same person. No var det ei ny tid og ein ny situasjon. Soknepresten gjorde framlegg for skulestyret om å lysa ut både stillingane samstundes, men saka vart utsett. Så vart det tilsett ny klokkar – Rolf Tellander. Men han er ikkje lærar, og skulestyret er redd for at klokkgarden ikkje lenger skal vera skulestad for Vidarheim krins. Det vitnar i ettertid nesten som panikk når skulestyret lagar skriv til Kyrkje- og Undervisningsdepartementet og seier at skulestyret ikkje går med på at Øyer klokkgard fyrst og fremst blir lagt til klokkarposten ved Øyer hovudkyrkje. Garden har vori skulestad og lærargard så lang tid at ei anna ordning ville vera unaturleg. Skulestyret seier vidare at lærarposten framleis ikkje er tilsett, og at skulestyret vil søkje å ordne dette på beste måte både for skulen og kyr-



Klokkgarden på Tretten vart oppattbygd i 1941.

kja

I oktober 1948 kjem svaret frå departementet. Det er Kyrkjedepartementet som har rådvelde over Øyer klokkgard, og garden skal disponerast som klokkgard, står det i brevet. Skulestyret finn å måtta bøya seg for departementet si avgjerd, og søker om å få løyve til å disponera skulesalen i Klokkgarden. Slik løyste saka seg til beste for alle partar, ikkje minst for dei mange elevane som fekk gå dei fyrste skuleåra på Klokkgarden i ein heimleg atmosfære der det alltid var nokon som stod ferdig med hjelp til å løysa små og større problem.

Aslaug og Rolf Tellander flytte inn i klokkgarden i 1947 då Tellander vart tilsett som klokkar. Den tidlegare klokkaren, Arne Opheim, hadde husdyr på garden, både ku og høner. Aslaug og Rolf Tellander hadde også husdyr: ku, sau, grisar og høner i ulike periodar.

Tretten klokkgard

I bygdeboka seier Tor Ile at skulestyret i 1862 prøvde å finna ein høveleg skulegard i nærliken av kyrkja på Tretten. I 1867 og 1874 var det både salg og attendekjøp av ein del av eigedomen. Men bygging av læ-

rarbustad vart sett i gang. Etter ”kluss og klage” vart det heile nedrivi og oppattbygd, og i 1869 vart både hus og hage tekne i bruk.

Bygdeboka nemner elles at seterbolet på Holmsetra vart unnaselt i 1896. Den 22.april 1940 vart våningshuset og stabburet på klokkgarden skoti i brann av tyske tropper som rykte inn i Tretten sentrum medan folk måtte røma til skogs .

6. juli 1940 drøfta skulestyret oppattbygging av

husa. Byggenemnd vart vald, og i oktober same året vart planar og teikningar godkjende, og arbeidet igangsett. ”Norske gardsbruk” frå 1953 seier at Solberg skolegård hadde 10 da mold og sandjord, 15 da anna jordbruksareal, 30 da skog, 30 da utmark. Av husdyr var det 2 kyr, 1 ukse, 2 ungdyr, 1 gris og 8 høns.

Dulven skulegard

Tor Ile seier at Dulven var den fyrste kringen på Tretten som fekk eigen skulegard. Kommunen kjøpte garden for 550 spd. lånt av Opplysningsvesenets fond. Skulegarden vart teken i bruk i 1876. Læraren Jakob Iversen fekk årsavgifta nedsett som ”et erkjentlighetsbevis for hans fortrinlige bruksmåte av skolegårdens jordvei”. Tor Ile nemner også at husa på Dulven skulle setjast i stand med tømmer hoggi i Vik skuleskog, og at ny skulebygning med lærarbustad vart sett opp i 1897-98.

Berre to lærarar til kom til å bruke Dulven skulegard. Den eine var Gudbrand Nordtorp som var lærar ved skulen i 44 år – frå 1877 til 1921. Den andre var Ingvar Hylen som tok over etter Nordtorp og heldt på



Skuronn på Dulven med skyru, band og rå. Frå v: Agnes Hong, (Haugen) (1910-1999), læraren Ingvar Hylen (1894-1971) med borna Ivar, f. 1926 og Magni, f. 1924. Biletet er frå 1930.

Det er utlånt av Liv Halstenstad.

til 1961.

Vik skulegard

Bygdeboka for Øyer fortel at kommunen kjøpte Vik til skulegard for ”Nord-medlin” for 850 spd. i 1872., at garden føder 5-6 kyr og har bra skog. Garden har seterhus på Roåker.

Einar Høistad kom som lærar til Vik i 1937 etter Jakob Haraldseid. Marie og Einar Høistad dreiv også skulegarden den tida dei var der. Aud Gjengedal, dotter deira, fortel at ho minnest Vik som eit lite småbruk med skrinn jord. Fjøset hadde plass til 4 båsar, kalvar, gris og høner.

Det hadde truleg og vori sauer der tidlegare. Dei hadde ikkje hest, det måtte dei låna når det var nødvendig. Elles var det å bera og brukha handemakt til alt arbeid. Aud hugsar at dei hadde innejente og leigd sommarhjelp. Der var ein stor hage med potetstykke og bærbusker. Ei tid dyrka dei og korn som dei skar med skyru og treskja med

eit gammalt treskeverk. Halm og agner vart bløyte til for. Dei mjølka med hand og mjølka vart sendt til Ysteriet med mjølkebilen. Kyrne beitte på begge sider av jernbananelina. Nedanfor lina stod det ein gammal låve.

Aud hugsar Vik som ein stille plass. Det var ikkje så mange å leika med utaom skulelevane, så det var ofte naturleg å fylgja ein eller annan av elevane heim att etter endt skuledag. Ho hugsar ein del frå krigsåra, serleg har eitt minne festa seg. Seint ein kveld banka det på glaset utafor glasverandaen. Der stod ein tyskar i uniform. Dei skvatt, men så var det berre det at dei måtte sløkkja eit lys som dei ikkje hadde hugsa å blenda for.

” --- anskaffe Familiebolig og en Have anlegges.”

Etter landsskulelova frå 1860 vart det eit hovudkrav til kommunane å byggja faste



Vik skulegard 1952. Foto: Widerøe.

skular. Frå slutten av hundretalet og fram 1920-talet vart det bygd fleire barneskular i Øyer: Torsheim 1898, Engelund 1900, Vestlund 1900, Solvang, Vidarheim og Aurvoll stod alle ferdige i 1915. Ved dei fleste skulane vart det kjøpt tomt til hage, om det ikkje alle stader var like god grunn.

Jord og hus til lærarane

Det er interessant at me her i Øyer har 2 skulegardar utaom klokkargardane. Tanken om ei ordning med jord og hus til lærarane i bygda finn me ikkje berre i skulelova av 1860, men og i dei drøftingane som gjekk føre seg lenge før. For styresmaktene var spørsmålet om lærarløn eit sentralt tema alt i byrjinga av 1800-talet, ved sida av spørsmålet om fastskule kontra omgangsskule. Skulestellet utover landet gjekk på sitt vis, men det var svært store skilnader, alt etter kva midlar dei ulike bygdene hadde og kva syn som var avgjerande i folket. Mange prestar som såg framover, tala sterkt for auka lærarløner, og hevda at "...en Gaard-

skarl har nu omstunder paa mange Steder større Løn end en Skoleholder".(Torstein Høverstad: Norsk skulesoge s.336) Staten burde ta pengar av Opplysningsfondet og kjøpa ein liten lærargard. Ein slik skulegard vert staten si eige – han måtte ha høvelege hus og foring til eit par kyr, 3-4 sauер og hamn. I tillegg skulle læraren ha løn i pengar. Slik ville læraren koma i ein mykje friare stilling, kjenna seg som bonde mellom jamlikar, og heile skulearbeidet ville gå betre.

Avsavn for jord og hus

Det er grunn til å tru at desse tankane om hus og jord til lærarane har gjevi seg praktiske utslag, både gjennom skulelova av 1860, som alt er nemnt, og dei skulegardane som me har her i bygda og som finst i andre bygder.

I 1897 hadde Øyer Lærerforening møte i klokkargarden i Øyer. Av sakene som var oppe, hadde dei m.a. eit tilsendt rundskriv der medlemmene skulle svara på "Spørsmål vedkommende Lærernes Kaar." I

svara som Lærerforeningen kom fram til, står m.a. dette: "Af Kommunens Lærere har de 6 Bolig og Jord. Af de øvrige har 3 Afsavnsgodtgjørelse paa 40-50 kr, hvilken Godtgjørelsen ansees at være forliden. Smaaskolelærerinden har ingen af Delene. Lærere med Skolejord betaler den paa Jorden hvilende Matr.Skat."

Hoppar me fram til 1935 og ser på skulestyret sitt framlegg til "fylkesskulekassa" for 1935-36, får 5 lærarar (mannlege) avsavn for jord med 300 kroner på kvar. På det same budsjettframlegget er 2 kvinnelege lærarar sett opp med kr 200,- og kr 33,67 som "avsavn for hus". Fylket dekkjer 50 % av dette, både når det gjeld jord og hus.

"Avsavn" er eit slags vederlag eller tilskot. I Norsk Riksmålsordbok for 1983 står denne definisjonen: "avsavn "(gno.atsakni) tap som eier (ell. bruksberettiget) lider ved at han überettiget hindres fra å tilgodegjøre seg sin eiendom ell. sin bruksrett", og "avsavnsgodtgjørelse: godtgjørelse for lidt avsavn".

Ordningen var slik at det var dei lærarane som sjølvve hadde hus eller som leide hus som fekk (eller burde få) "avsavnsgodtgjørelse". Det er ikkje klårt, men det er grunn til å spørja om denne løyvinga som den ein skilde læraren fekk, var ei slag "erstatning" for hus og/eller jord som kommunen burde stå for, men som lærarane ikkje fekk? Vidare er det grunn til å merka seg at det var dei mannlege lærarane som fekk "avsavn for jord", dei same lærarane som hadde post ved dei "store" skulane med hus og hage til. "Lærarinnene" leide ofte hus utanom skulen, dei hadde "småskulepostar" med mindre timetal og med det mindre løn - eit underleg og urettferdig system etter våre dagars måte å vurdera på. Med små endringar heldt dette mønsteret seg, både til og etter krigsåra. I 1940 vart "avsavn" endra til "ve-

derlag". Eit nytt lønnssystem vart innført i 1948 da lærarane gjekk over på Statens lønsregulativ. Med det fall denne ordningen med det gamalmodige namnet "avsavn" bort.

Skulegardar og skuleskog

Dei lærarane som budde på skulegardane og klokkgardane, fekk ikkje noko "avsavnsgodtgjørelse". Skulegarden eller lærargarden var ein del av lønnssystemet. Dei som dreiv desse brukta, måtte betala jordleige til kommunen. Frå skulestyreprotokollen for 1951 finn vi ei slik sak. "Referert utskrift av møteboka til Øyer kontrollnemnd, avd. fast eigedom om fastsetting av høgste lovleige jordleige for Dulven, Vik og Solberg lærargardar. Dulven kr 180,- pr. år, Vik kr 475,-, Solberg kr 290,- pr år. Saka blir utsatt. Når det gjeld Dulven skulegard blir saka sendt attende til kontrollnemnda som blir bedd om å fastsette leiga med full vedrett også i skulegardsskogen".

Men sjølv om ein hadde "full vedrett", var det strenge reglar for tømmerhogst i skogen. I 1935 seier skulestyreprotokollen: "212 st. trær utblinket i Tretten klokkgards skog blir, med forbehold av herredsstyrets godkjennelse, aa utdrive i vinter". Og vidare: "Kretstilsynet ved Aurvoll skole bemynndiges å forestå driften av utblinket tømmer i Tretten klokkgards skog"

Også ved Dulven vart det tømmerhogst. Frå 1945 heiter det: "Kretsformannen blir pålagt å få i gang blinking og hogging av tømmer og ved i Dulven skog". Og i Vik vart det i 1946 bestemt "...å hogge tømmer i Vik skuleskog til låve på setra - og salg av overskytande". Kretstilsynet får fullmakt til å ordne dette. Krinstilsynet hadde ikkje berre fullmakt og plikt til å stå for tømmerhogsten, men dei måtte også leggje fram rekneskap for drifta. Overskytande for evt. salg vart sett inn på det såkalla gardsfondet. Det

ser ut til at dette fondet skulle eller kunne nyttast til beste for garden etter søknad til skulestyret. I 1950 får skulestyret skriv frå formannen i tilsynsnemnda for Dulven skule om midlar til grusing av skulevegen og gjerde langs vegen. Vedtaket lyder på at formannen får pålegg om å få grusa vegen. Pengane blir å ta av Dulven skules gardsfond. Spørsmålet om gjerde står ut til seinare, heiter det i vedtaket. Så gardsfondet var ikkje nokon pengebinge for frie valg.

Tor Ile seier at ”Skogen er ei herlegheit å Vik, vekstleg og god gje han flust å garda og enda någå attpå. Somme då skulhusom i Trette er det hoggje temmer åt i Vik skuleskog” Korleis gardsfondet vart nytta får ein eit godt bilet av i ei sak frå 1952 der det var søkt om løyve og midlar til ombygging av fjøset på Vik skulegard. Vedtaket seier at ”Skulestyret rår til at det blir gjeve løyve til å byggja etter alternativ I. Utgiftene blir tekne av gardsfondet ved Vik skulegard så lenge dette rekk. Restsummen blir førebels teken av post (.....) og blir seinare å føre attende over budsjettet ved sal av tømmer frå Vik skulegard neste vinter. Ein føreset vidare at jordleiga blir sett opp tilsvarande verdiaukan av garden. Saka blir sendt Øyer heradstyre til avgjerd.”

Ny tid og nye krav. Den gamle garde sluttar At jorda og bruk av jorda er av verdi for velferd og trivsel og avgjerande for det dagleg brød, kan alle som opplevde siste krig og tida før, skrive under på. Små og store bruk, åkerlappar og hageflekker vart utnytta med fantasi og skjønsemd. Når det gjeld skulegardane og hageflekkene som høyrd til skulane, gjeld mørnsteret også sjølsagt desse.

Frå 1945 vart livet lettare på mange måtar. At bruken av jorda ikkje lenger fekk same verdi som tidlegare, er eit anna og større emne som ligg utafor denne artikkelen.

Mellom 1945 og 1965 slutta så mange av den eldre lærargenerasjonen i Øyer, at ein kan nesten kalla det eit generasjonsskifte. Jordbruket på dei små skulegardane gav vel heller ikkje inspirasjon til å driva på lenger enn nødvendig. Alt frå 1953 er det år for år likelydande saker i Øyer skulestyre: ”Bortleige av jord. Forpakning av jord”. Og søknadene vart år for år alle godkjende mot at vedkomande lærar betalte den jordleiga som var fastsett. Dette galdt Dulven skulegard, Solberg klokkar- og lærargard og etter kvart også Vik skulegard. Då Einar Høistad tok mot lærarpost på Aurvoll skule, og Vik skule vart slegen i hop med Aurvoll, vart det også aktuelt å leige bort husa på Vik.

Vik blir fyrst leirskule – nå private bustader I 1964 vart Vik kjøpt av Oppland Skogselskap som sette husa i stand til leirskule. Det vart gjort berre små endringar med hovudbygningen. To rom vart til eitt i første høgda, eit stort rom i andre høgda vart sovesal, resten var uendra. I fjøset vart det mellom anna også toalett og dusjar. Fjøstrevet vart til ei stor peisestove og eit par sengerom. Det gamle stabburet vart soverom med plass til 16 koyer i alt – 8 i kvar høgd, og eldhuset fekk også 6-8 sengeplassar.

Leirskulen kom i gang i 1967, og vart driven nokre år. Men sist i 1970-åra gav Skogselskapet skulegarden Vik attende til Øyer kommune, utan vederlag, mot at det framleis skulle drivast leirskule der. Marta Skjellhaugen vart tilsett som husmor alt frå starten og hadde denne stillinga i alle dei åra leirskulen var i drift.

Men etter nokre år gav også Øyer kommune opp denne aktiviteten, og i 1989 vart husa selde til private. I dag er leirskulen ombygt til to bustadeiningar: Det som opphaveleg var fjøset, vart ei eining, hovudbygningen, stabburet og eldhuset ei annan. Den siste er nå feriebustad.

Dulven blir barnehage og grendehus

Også på Dulven er det framleis kommunen som eig skogen som høyrd til skulegarden. Jorda er bortleigd til naboar, men inne i den gamle skulebygningen er det framleis ungar som syng og skrålær. Det er Dulven barnehage A/L som har leigd skulebygningen som ellers fungerar som grendehus for Dulven krins.

Solberg blir bustadomter

Av den gamle Solberg klokkgard er det lite att av sjølve garden, det meste er selt til private hustomter. Også hovudbygningen er seld. Einast ein liten skogteig er framleis i kommunen si eige

Øyer klokkgard blir seld til private

I Øyer klokkgard er det slutt på husdyrhaldet. Aslaug og Rolf Tellander kjøpte husa i 1971, og har seinare betalt tomteleige til kommunen. Jorda er det Staten som eig, og den er bortleigd til jordbruksføremål.

Og dei gamle hagane ved skulebygningane i Øyer, med sine bærbusker, gulrotsenger og andre hagevekster, er borte. Behovet for utviding av leikeplass og nye skulebygningar har gjort kort prosess med ein del av det som var tidlegare lærargenerasjonars glede og sorg innan hagedyrkingens kunst. Men den gamle Solvang-skulen har teki det store steget inn i ei ny tid med nye utfordringar i teneste for sport og friluftsliv. Ein ny Solvang skule har vaksi fram på nye tomter lenger nord.

Hundre og femti år er ein lang periode når det gjeld samfunnsendringar. Undervisningsformer og -tilbod har skifta svært på denne tida. Det same har og arbeidstilhøve og lønsvilkår for lærarane, til det betre, får ein tru. Det var kanskje ein "romantisk" ide som låg bak lovparagrafen av 1860 om at

det burde – ”anskaffes Familiebolig med hosliggende Jordvei –” til læraren. Læraren som ” - bonde mellom jamlikar ” som nokre av dei styrande fyrst på 1800-talet såg som eit ideal – eller læraren som offentleg tene-stemann på Staten sitt lønsregulativ,- tja , kva skal ein seja ?

Skriftlege kjelder:

Protokollar for Øyer skulestyre

Høigård/Ruge. Den norske skoles historie

Torstein Høverstad: Norsk skulesoga/ Det store interegnum 1739-1827

Lov om Almueskolevæsenet paa Landet 1860./

Faksimiletrykk.

Protokoll for Øyer lærarlag.

Tor Ile : Bygdabok for Øyer IV


Ola Rybakken: Øiers folkeskole i 1890-åra (I gamle fotefar 1996)

Liv Halstenstad: Dulven skole - en fin voksepllass

(I gamle fotefar 1996)

Jorunn Bjørnstad Sjøli: Oppvekst på Tretten 1928-46

(I gamle fotefar 2002)



Ingvar Hylen med høybør på lavebrua.

Jørgen Stensrud sittende. (Ca. 1937).

Oddvar Stensrud:


Dødsulykke i Veslefossen høsten 1944

På ettermiddagen den 16. oktober i 1944 var Marie Mosveen og far hennes, Anton Haug, fra Roterudbygda i Fåberg, ute og fisket med oter i Lågen like opp for Hovdeøya. Marie var gift med Thorleif Mosveen, og de bodde da i Kampen, ei stue som ligger nede ved Lågen på østsida litt ovenfor Hovdefossen. Denne fisketurten endte med tragedie.

Det var nokså stor vannføring i Lågen på denne tida. Under otringen hadde de kommet seg over på vestsida av Hovdeøya og sluppet seg ned i strømdraget ved Veslefossen. Trolig hadde de kommet så langt ned i strømmen at de ikke klarte å ro båten oppover igjen, men ble ført med strømdraget ned mot Veslefossen. I øvre delen av fossen var det den gangen en stor stein som stakk opp av vatnet. Båten drev inn mot denne steinen, og de to kom seg opp på den.

Forsøk på redning

Arne Bjørnhaug som var tjenestekar på en av Hovdegardene, hadde sett at båten ble tatt av strømmen og varslet andre. Derfor kom det folk til hjelp forholdsvis fort. Ole Mæhlum var en av dem. Han var på den tiden kontrollassistent i Musdal, og denne dagen var han på en av Hovdegardene. Ole Holmen som da var 19 år, var denne dagen i Lågåton. Han og Ottar Stende, brukeren på garden, var også av de første som kom ned til fossen.



Veslefossen 2003. Foto: Oddvar Stensrud.

De prøvde først å sette ut ei åfløye for å redde de to ute på steinen. I forstavnen av denne ble det festet et tau for at mannskaper inne på land kunne holde igjen så båten ikke skulle bli ført for langt ned i strømmen. Ole Holmen som hadde en del erfaring med å ro, sa seg villig til å ta den jobben. Ole Mæhlum var også med i åfløya. De rodde utpå til de var midt opp for steinen, og så ble åfløya sluppet med strømmen ned mot steinen.

Men det viste seg at når tauet ble strammet fra land, ble forparten av åfløya presset ned i strømmen og gikk full av vatn. De to i båten måtte da hoppe ut. Ole Mæhlum som kunne å svømme, hoppet først. Ole Holmen var ikke svømmedyktig, og da han måtte hoppe ut av båten, prøvde han å klamre seg til Ole Mæhlum. Begge holdt da på å gå under i vannmassene. De som var på land, sleppte da etter mer tau, slik at både åfløya og tauet drev med strømmen nedover. Ole Holmen fikk tak i tauet med ene handa og hengte seg fast i det. Dette var nok i siste liten, for da han ble dradd i land, var han bevisstløs. Men handa han holdt i tauet med, hadde et så fast grep at de fikk den nesten ikke løs.

Ole Mæhlum klarte av egen hjelp å karre seg i land lenger nede i fossen.

Nytt mislykket redningsforsøk

Etter dette mislykkede forsøket forstod hjelpeemannskapene at de måtte prøve andre måter for å redde de to ute på steinen.

Det ble da rodd over et tau som ble festet med ene enden inne på land, og den andre enden ute på øya. Tauet ble plassert slik at de to ute på steinen nådde i tauet. Hensikten var da at de med å holde i tauet med hendene, skulle prøve å dra seg i land. Faren var den første som skulle prøve dette.

Men det viste seg at med det lange spennet på tauet, ble dette for slakt, og da man-

nen ble dradd overende i strømmen, og tauet ble strammet til, kom det ned i vatnet. Følgen ble at mannen ikke klarte å holde seg fast i tauet, men måtte slippe dette. Han ble da ført nedover i fossen og ble borte.

Tysk hjelp!

Det begynte nå å bli hektisk for hjelpeemannskapene. Det hadde begynt å regne så det var fare for at elva ville vokse. I tillegg ble det mørkt. Det ble da gjort opp bål, både inne på land og ute på øya slik at en kunne skimte steinen og ho som fremdeles satt der ute. Disse bålene ble sett både oppover på Sør-Tretten og i Musdalsbaksida utover kvelden og natta.

Tauet som ble brukt, var krisevarer - det var papirtau! Det hadde derfor bløtnet helt opp. Det ble da hentet en stålvaijer fra det tyske lageret på Smedstadmoen, og en del tyske mannskaper, både militærpolitit og andre militære, kom også til stede. Stålvaiieren ble trukket over til øya, strammet og festet både inne på land og ute på øya. Med kjettinger og stropper ble en båt festet til vaieren slik at en med et tau kunne dra båten ut etter vaieren.

Reidar Formo som da var 24 år, bodde hjemme på Formo. Telefonsentralen i bygda var der på Formo, og slik fikk Reidar rede på hva som foregikk nede i Veslefossen. Og han drog da ned dit. Det var da blitt sent på kveld og helt mørkt, men en god del folk var kommet til, både på land og ute på øya. Det ble spørsmål om noen ville prøve på nytt og være med utpå i båten. Reidar meldte seg til dette.

Vaieren var nå trukket slik at den kom på utsiden av steinen, for der var det ikke så stri strøm. Hensikten var da å prøve å få dradd båten dit ut og prøve å få Marie over i båten.

Reidar foretalte at det var en nesten uhhyggelig og nifs stemning da han gikk i

båten. I det flakkende lysskjæret fra bålene kunne han skimte det hvite ansiktet til Marie ute på steinen. Ho hadde sittet der i flere timer, i en tynn kjole i regnværet og mørket og sett sin far bli borte i fossen.

Redning for Marie

Det viste seg at den stramme vaieren klarte å holde båten oppe i strømmen. Å få dradd båten til utsiden av steinen, gikk forholdsvis greitt. Der var det ikke dypere vatn enn at Reidar kunne gå ut av båten og få slengt et tau til Marie som hun fikk festet rundt seg. Reidar fikk da hjulpet henne opp i båten, og de ble begge dradd inn til land. Vel inne på land segnet Marie om - av utmattelse og spenning etter å ha sittet på steinen i fossen i mange timer. Dr. Hekneby var kommet til stede og tok seg av henne.

En dramatisk kveld ved Veslefossen var over. Klokken var da nærmere halv to om natta.

Faren til Marie, Anton Haug, som var fra småbruket Høstmælingshaugen i Roterud-

bygda i Fåberg, ble funnet dagen etter. Han var drevet opp på en stein i nedre delen av Veslefossen. Anton Haug var 64 år da han omkom.

Jeg spurte Reidar om han hadde fått noen ”påskjønnelse” etter denne redningsbragden. ”Nei, det hadde e eiller venta heill,” svarte han, men han hadde truffet Thorleif Mosveen, mannen til Marie, ei tid etterpå. Han hadde da kommet bort til Reidar og tatt han i handa og sagt: ”Du fær ha takk da gut! Du veit vel å e takke deg for?”

Steinen som stakk opp i Veslefossen som de to ble sittende på, er senere skutt bort. Dette ble gjort fordi tømmeret under fløtingen ofte stuket seg opp på denne steinen.

Kilder: Samtale med Ole Holmen, Ole Mæhlum og Reidar Formo.

Oppslag i avisene ”Laagen” 17. og 18. oktober 1944

Egne minner om det lærer Hylen på Dulven skole fortalte oss elevene dagen etter denne hendingen. Han var også med på redningsaksjonen.

Asbjørn Dahl:

Fåbergkvinne med oppvekst i Øyer

Her skal det fortelles om Elisabeth Torgersdatter Dal, født i Fåberg, vokste opp i Øyer, men kom som nygift tilbake til fødestedet og levde der resten av sitt lange liv. Hun døde 87 år gammel. Hun fikk en skjebne langt utenom det vanlige – både på godt og vondt.



*Elisabeth Dal, f. 1826, oppvokset på Bø,
gift til Nerdalen i 1845*

La oss begynne enda en generasjon lenger bak: Elisabeth Johannesdatter Bø fra Øyer giftet seg i april 1825 med Torger Arnesen Dal fra Fåberg. De var henholdsvis 20 og 21 år gamle. Han var da bruker på Nedre Dal – i bygdemålet kalt Nerdalen, og Elisabeth flyttet dit. Disse to var artikkelforfatterens tippoldeforeldre.

Lønnetrær fra Nerdalen til Bø

En sommerdag, trolig samme året, fikk de besøk av Ole Bø, bror til Elisabeth. Han hadde med seg sønnen Johannes som da var i konfirmasjonsalderen. De må ha gått eller ridd den dryge veien til Fåberg for å se hvordan ungfolka i Nerdalen hadde det. Der så Johannes at det vokste store lønnetrær, et treslag som ikke er naturlig utbredt så langt nord og så høgt opp som til Bø i Øyer, om lag 425 m.o.h. Han fikk med seg to ørsmå lønnetrær med jordklump som han la pent i topplua si og tok med seg heim. Disse ørsmå lønnetrærne plantet han på sørsida av hovedbygningen med ca 30 meters avstand. Og der står de den dag i dag, store og ruvende tuntre, snart 180 år etterpå. Alderen begynner likevel å vises nå.

Kortvarig lykke

Men lykken ble kortvarig for det unge paret i Nerdalen. Juledagen året etter bryllupet, fødte Elisabeth ei datter, men den unge kona døde bare tre dager senere. Den nyfødte fikk samme navn som mor si. I kildematerialet finner en at både Elisabeth og Lisbeth er brukt om både mor og datter. Det siste var trolig brukt i dagligtalen. Elisabeth Johannesdatter fikk bare to somre i sin nye heim.

Det var selvsagt ikke lett for den unge enkemannen å ta seg av det nyfødte barnet,



Her er vi på Bø i Øyer og ser ett av de to lönne-trærene fra Nerdalen i Fåberg. På bildet sees nåværende eier, Ole Johannes Bø, oldebarn til Johannes Bø som plantet dem, sammen med artikelforfatteren.

så han overlot henne snart til besteforeldrene hennes på Bø, og hun vokste opp der.

Hvordan gikk det så med Torger, far hennes? Samme året som han opplevde sitt livs store tragedie, hadde han overtatt garden etter mor si, Kari Olsdatter, som var kommet fra en av Brynsgardene i Øyer. Hun var blitt enke 6 år før. Mannen hennes, Arne Dal, døde bare 43 år gammel.

Torger ble nok en knekket mann, både fysisk og psykisk, så i 1835 solgte han garden, og 7 år senere ble den solgt videre til Erik Engebretsen Nordhove. Torger levde som føderådmann i Nerdalen til han døde i 1877, 73 år gammel.

Erik går på frierfötter

Erik Engebretsen var ungkar da han kom til Nerdalen, født i 1820. Han begynte snart å tenke på at han kunne trenge ei kjerring på garden. Kanskje hadde han fått et tips av føderådmannen Torger, om at det ikke hadde vært så ueffent å dra opp til Bø i Øyer på frierferd? Kanskje hadde han ved selvsyn sett at den morløse Elisabeth kunne være noe å satse på? Hun hadde saktens vært på besøk i Nerdalen hos far sin.

Som tenkt så gjort. Da Erik var ferdig med sik- og lågåsildfisket høsten 1843, drog han opp til Bø for å forhandle med besteforeldrene hennes om giftermål. Hun var da snautt 17 år, og det kan nok hende at både besteforeldrene og hun selv syntes det var vel tidlig å binde seg til mannen og den garden der mor hennes fikk et så sørgetlig endeligg. Erik, min oldefar, måtte dra heim med uforrettet sak

Men den gode Erik – som for lengst hadde tatt navnet Dal som etternavn – gav ikke opp så lett. Da sild-tida var over neste høst, tok han med seg et kvartel med salta lågåsild til besteforeldrene og prøvde igjen med friskt mot. Og nå sa besteforeldrene JA! Elisabeth nikket forhåpentlig samtykkende. Dermed ble det bryllup - 25. november 1845 – en måned før bruden fylte 19 år. Om det var lågåsilda som gjorde utslaget, skal være usagt! Kanskje var det føderådmannen, Torger, som var den aller gladeste i det bryllupet? Det måtte være overmåte hyggelig for ham at hans egen datter og eneste barn var tilbake på garden som husmor.

Elisabeth og Erik fikk sju barn, herav to gutter, Engebret og Tobias. Engebret fikk tilbud om å ta over Sørhove der hans barnløse tante var gardkjerring. Tobias tok over Nerdalen i 1887. Han giftet seg med Rønnaug Torgersrud fra Rudsbypgda, f. 1865.

Men bestefar Tobias fikk heller ikke noe langt liv – han døde av kreft, 50 år gammel.

Begge foreldrene overlevde sønnen – faren med tre år og moren med åtte. Bestemor Rønnaug satt att med en tungvindt gard og 9 barn - det yngste var enda ikke årsgammelt.

Urimelig føderådkjerring?

En episode etter gravølet til Tobias, tyder på at oldemor Elisabeth ikke var så grei bestandig. Som skikken var, ble gravølet feiret tre hele dager til ende, der alle som hadde hjulpet til, møtte tredje dagen. Elisabeth og Erik hadde stor føderåd, bl. a. en viss mengde innkjøpt vevgarn. Fjerde dagen etter gravferden kom Elisabeth inn på kjøkkenet til bestemor Rønnaug som hadde tatt kampen opp med hverdagspliktene igjen. Da sa føderådkona i en myndig tone at nå måtte

hun ha vevgarnet sitt, slik at hun kunne komme i gang med veven! Bestemor tok en rask tur ned i fjøset for å se om det var noe igjen som kunne slaktes etter gravølet. En rempling, dvs. en årsgammel kalv, fant hun å kunne ofre, slik at svigermors tålmod ikke behøvde å tøyes lenger.

Når bestemor Rønnaug kom gjennom så bra som hun gjorde, med alle barna og en krevende gardsdrift, tror jeg det skyldtes flere forhold. Hun la dagen og framtida i Guds hender, – hun hadde god hjelp av bror sin, Ole Torgersrud og den dyktige husmannen, Lars Haugen. Og ikke å forglemme lågåsilda som hadde bragt hennes svigerfar ut av ei lei knipe. Den var også god mat for en stor ungeflokk.



Utstyrskista til Elisabeth Johannesdatter Bø. Den står nå i Lisenga i Lismarka hos tippoldebarnet Einar Stensrud. På kista står det: Lisbeth Jehansdatter Bøe 1825

Lars Holmen:

Barnedrap i Midtbygda i 1724

12. september 1724 var det bygdeting på Jevne. Lagretten var set saman av åtte menn frå bygda. Det var Halvor Bergum, Lars Revolden, Berger Kramperud, Halvor Søre Skåden, Johannes Jonsen Lunke, Johannes Johansen Lunke, Ole Hunder og Knut Vasrud. Likeså var futen, Svend Stenersen, bygdelensmannen Johannes Jevne og ”menige tingsøgende almue” tilstades i tingstua.

Beret Johansdotter er stemna for retten

Tre dagar før dette rettsmøtet, hadde Beret Johansdotter, tenestejente på ein av Skåeggardane, vorte arrestert og var nå stemna for retten. Bagrunnen for stemninga var eit rykte i bygda om at ho skulle ha ”*laget sig til barsel*” som det heitte, men at det ikkje hadde komme noko barn. Det var likevel eitt og anna som kunne tyde på at det her hadde skjedd svært alvorlege ting – at ho hadde fødd barn i dølgsmål, men kvar var barnet?

Det var innstemna i alt ni vitne til rettsmøtet. Det var løytnant Fredrik Iversen, tidlegare eigar av garden og losjerande på Skåe, Lisbet og Samuel Skåden, som var husmor og husbond på garden, Sigrid Skåden, føderådsenke på Skåe, Mari Gundersdotter, tenestejente på same garden, Berets eiga mor, Eli Jensdotter, Anne Gutormsdotter Vedum, Mari og Jon Bollviken. Vitna får formaning om å vitne sannferdig, fortelja det dei veit, har sett og høyrt, og dei må sverje eid på at dei vil gjera det.

Alle vitna vedgjekk at dei hadde høyrt dette ryktet, og dei fleste hadde også sjølv sett at det såg ut som at ho Beret var med barn. Mor hennes hadde også spurt henne om dette, men ho hadde nekta for det. Eit

par av vitna hadde også høyrt at det var hennes eigen husbond, Samuel Skåden, som var barnefaren. Sjølv nekta han blankt for det og baud seg til å sverje eid på at han var skuldlaus, om det vart kravd. Ettersom dei innstemna vitna blir spurde, og dei fortel, kjem dette fram:

Den 10. mars dette året hadde ho Beret vore sjuk og hadde lege inne i stua på garden der også dei andre folka på garden oppheldt seg. I kveldinga hadde ho gått til fjøset der ho og eit par andre tenestefolk hadde soveplassen sin. Da ho gjekk ut av stua, hadde ho kasta opp. Mor hennes Beret hadde fått høyre at ho var sjuk, og i kveldinga kom ho til Skåe. Mora og den andre tenestejenta, Mari Gundersdotter, 28 år, hadde da gått ned i fjøset til Beret. Ho var da oppe på fjøshjellen, der ho vekselsvis sat og låg, og dei såg at ho var sjuk.

Dei gjekk mellom fjøset og stua eit par gonger om kvelden, og siste gongen hadde dei lys med. Da såg dei at høgre armen hennes Beret var blodete opp til olbogen, og at fingrane på venstrehanda også var blodete. Likeså at det var blod på skinnfellen hennar. Mari hadde da spurt: Åssen er det du ser ut? Og mora hadde sagt: E tru du har slakta, e, Beret? Til dette svara ho: E ha det

da, vett' e! Mora og Mari gjekk opp i stuatt, og det var da seint på kvelden. Mari gjekk seinare nedatt i fjøset der ho også hadde sin soveplass, men på ein annan hjell enn Beret. Ei 10 år gammal jente og ein 17-18 år gammal gut hadde også sove i fjøset denne natta, men på ein annan hjell enn Beret. Ingen av dei hadde merkt noko uvanleg.

Dagen etter, etter at dei andre på garden hadde stått opp, hadde også ho Beret stått opp, og alle som såg henne da, synes ho var smalare enn ho hadde vore den seinare tid. Til kona på garden hadde ho sagt at ho hadde si naturlege tid, dvs. ho hadde menstruasjon. På same vis hadde ho også forklart blodspor mellom fjøset og låven og blodet på hand, arm og skinnfeld som dei to førre vitna hadde sett. Husbonden sjølv var på Grundset-marknaden da dette stod på, og kom ikkje att før 3-4 dagar seinare.

Eitt av vitna, Anne Gutormsdotter Vendum, 50 år, fortalte at ho skulle til Jevne sist det var ting der for å betale noko skatt for mannen sin. Det var i juni. Beret hadde da spurt henne om ho var stemna dit, noko ho ikkje var. Beret hadde tenkt at Anne skulle dit for å fortelja om henne. *Om så er, så legg du ingen ord til verste!* hadde ho Beret sagt til henne.

Meir skjedde ikkje på dette tinget i denne saka.

Rømingsplaner

Like etter dette rettsmøtet, hadde ho greid å røme frå arresten på Jevne. Ho og Samuel Skåden hadde da tenkt å røme til Sverige. Men da dei kom så langt som til nokre setrar på Østerdalssida, hadde Samuel ombestemt seg, og dei gjekk attende til bygda. Beret hadde da atter vorte arrestert, og det var den 19. september.

Nytt rettsmøte

Den 25. oktober same året kom saka opp att

på nytt rettsmøte på Jevne – med same lagrett og fut, og bygdefolket hadde også høve til å møte opp. Beret Johansdotter, Samuel Knudsen Skåden og Eli Jensdotter, mor hennes Beret, var stemna, men ingen vitne var innkalla. Beret hadde opna seg for Marte Jevne, lennsmannskona, i arresten, og hadde lagt alle kort på bordet. Det same hadde Samuel Skåden gjort. Nå blir dei formante å fortelja den fulle og heile sanning. Beret blir utsputt om seg sjølv: Ho fortel at ho er 21 år, og var født utanfor ekteskap. Faren var husmann i Gausdal, men var frå ein gard i Øyer. Mora tente nå på ein Lunkegard, men budde på ein plass som høyrd Kramprud til, der Beret også var født.

Av kyrkjeboka går det fram at Samuel Knudsen hadde ein Skåe-gard. Han er 29 år, gift for fire år sidan og har to born. Han er også soldat i Kongens teneste.

Beret hadde tent på femte året på garden. For to år i sommar sidan hadde ho første gong hatt ”legemlig omgiengelse” med sin eigen husbond, og hadde jamnleg hatt det sidan. Så hadde ho vorte med barn. Ho vedgår nå at ho om kvelden den 10. mars dette året hadde født eit gutebarn på fjøshjellen. Da ho såg at det var liv i barnet, hadde ho stypt det og lagt det under hovudgjerda si. Neste dag hadde ho lagt barneliket i si eiga kleskiste, og der hadde det lege i 3-4 veker til ho sjølv grov det ned i ein bås i fjøset.

Samuel hadde vore på Grundset-marknaden på denne tida og kom heim nokre dagar etterpå. - *Eg høyrer du har fått barn medan eg var borte*, sa han. - *Ja, seier dei det, så er det vel sant*, svara ho. Men da han spurde kvar det hadde vorte av det, bad ho han teie, og ville ikkje fortelja han korleis det hadde gått til, eller kvar barnet var lagt. Han skjønte da kva som hadde skjedd.

Før på vinteren hadde han spurt henne om ho var viss på at ho var med barn. Han skulle ein tur i Trondheim, og der ville han

kjøpe noko som skulle få henne til å abortere. Han hadde da også med ein drykk til henne som ho hadde drukke. Den hadde smakt som brennevin, fortalte ho. 8-10 dagar etterpå var det at ho fødte. Barnet var neppe fullgått.

Beret tilstår vidare at dei ofte hadde hatt samleie seinare, sist to gonger på fjellet da dei var på rømmen, og ho visste ikkje sikkert nå om ho var med barn igjen! Samuel hadde sagt til henne at dersom det var slik, skulle ho berre budsende han, så hadde han råd mot det.

Lensmannen, Johannes Jevne, Torger Bøe og Hans Trondsen Skåden som var bror til lensmannen, viste fram for retten ei lita kasse med skjellettet av barnet som dei hadde funne i fjøset på Skåe. Beret hadde sjølv synt dei kvar det låg. Det var da 7 månader sidan fødselen.

Eli Jensdotter, mor til Beret, hadde avgjort eid og vart formant om å fortelja det ho visste om at dotter hennes hadde født barn i dølgsmål. Ho svara at ho visste ikkje noko meir enn på førre rettsmøtet, og at ho var helt ukjent med dottera si misgjerning.

Samuel Skåden kom så for retten, og han berre stadfesta det som Beret hadde fortalt. Ettersom han var soldat, ville futen sende saka hans over til sjefen for det regimentet han tilhørte. Men han vart likevel dømd på bygdetinget.

” - - hun bør efter Loven miste sin Hals og hendis Hoved settes paa en Stage.”

Same dagen fall domen - her attgjeve slik den står i tingboka:

Deliqventen Beret Johandaatter, har etter Agtens forklaring, Fredag Aften d. 10 Martij sistleden, fød Barn i Dølgsmaal, og samme forsetlig ombragt. Thi bør hun etter Lovens 6te Bog 6 Cap: 7 og 8 art: *miste sin Hals og hendis Hoved settes paa en Stage.*

Deliqvent Beret Johansdaatters Barnefader

Samuel Knuds: Skaaden som selv for Retten har tilstaaet, ei allene at vere fader til det ombrakte Barn, Men endog siden i Sommer, ofte hatt legemlig omgjengelse med hende, efter hvilken omgjengelse Deliqventen selv staar i tvivl, nu at vere med Barn. Bør som en ægte Mand der har sin ægte hustrue levende, efter Lovens 6te Bog 13 Capit: 25 Art: bøde til deris Kongel: May: ts hans gods og penge etter yderste formue. Hvad straf bemeldte Samuel Knudsen ellers paa hans Person kand fortjene, og hvorvit hand som en Medviider udi hans Bolerskes Mord kand vorde anseet eller icke, sligt remitteres til Regimentet Krigsretten at paadømme i følge Deris Kongel: May:ts allernaad: forordning af 8de Juli 1690 efterdi hand er Virckelig Soldat udi deris May:ts tjeneste, og sagen efter omstendighederne hans liv og ære Confererer.

Over Deliqventens Moder, Eli Jensdaatter, føres ingen beviis, som kand gjøre hende sagskyldig udi Mordet at have veret medviider, thi hjem findes hun sageløs.

Dødsdomar gjekk automatisk til høgare rettsinstansar. I februar 1725 kom saka opp for Lagtinget. Der kom det ikkje fram noko nytt, og domen frå bygdetinget vart ståande. Saka gjekk vidare til Høgsteretten, men der også vart domen frå bygdeting og lagting stadfesta.

17. juni 1726 var det atter bygdeting på Jevne, og i tingboka frå dette tinget står det m.a. slik:

Kongl: May:ts Foged Sr: Svend Steener-sen eskede lagrettets og almuen sandferdige tilstand om Beret Johansdaatter, som den 9 sept: 1724 blev arrestert, og i dag d: 17 Junii 1726 efter høyeste retts Dom, henrettet, formedelst hun havde fød Barn i Dølgsmaal og ombragt samme, noget er eiende, hvorefter baade Lagrettet og almuen svare-

de enstemmig at Beret Johansdaatter var et Lockebarne, og fattig tieneste Pige, som intet eiede uden de ringe Kleder hun havde paa Kroppen, som i arresten blev opslidt, og el-lers nedlagt med, i dag hun blev henrettet, hvilchet de siger, i ald sandhed befindes, hvorom Fogeden da var tingsvidner begie-rendis under Rettens betenkning.

Det står ingen ting om kor rettarstaden var. Heller ikkje kvar hovudet hennes vart set på stake. Ettersom dette skulle tene til skrämsel og åtvaring, er det grunn til å tru at det var på kyrkjebakken, der mange måtte sjå det, framfor den nybygde Øyerkyrkja.

Ordforklaringar:

- **boles** og **bolerske**, mann og kvinne i eit ulovleg seksuelt forhold
- **miste sin hals**, halshoggast
- **Sr.**, Senor
- **lockebarn**, truleg ei jente som hadde eit ”lettvint” forhold til menn.

Kjelder: Tingboka for Øyer 1724 og 1726
Lagtingsprotokollen for 1725
Kyrkjebok nr 1 for Øyer prestegjeld.

Kjell Elvestad:

Noen krigsminner



Fra v: Gustav Formo, Tormod Pålsrød, Asbjørn Øvergård, Arne Blomberg, Oddmund Øvergård, Leiv Formo, Iver Nygård, Kjell Elvestad (bare lua er synlig) Magne Hovdsveen, Tormod Formo, Ole Holmen, Sverre Langsveen, Håkon Langsveen, Johan Haug, Iver Elvestad, Nils Blomberg, Reidar Formo, Kåre Hansen, Alv Formo. Sistemann var fotograf. Bildet er utlånt av Kjell Elvestad.

Dansemoro i Eriksrud

Den 6. april 1942 var 39 ungdommer - 19 gutter og 20 jenter - samlet i den gamle kafestua i forsamlingslokalet Eriksrud der de danset og hadde det morsomt. Den som skriver dette, var en av dem. Jeg tror det var etter et møte i avholdslosjen "Varsko" at vi samlet oss der. Hva slags musikk vi hadde, kan jeg ikke huske, men det var vel helst en grammofon. Det var ikke nydt en eneste dråpe alkohol der.

Offentlige fester med dans og sammenkomster uten myndighetenes tillatelse var forbudt, men avholdslag fikk holde på. Folkedans var lovlig. Denne sammenkomsten var helt tilfeldig, og selvfølgelig ikke gitt tillatelse til. Et NS-medlem hadde anmeldt denne til lensmannen, og fire måneder senere fikk alle de 19 unge mennene i flokken denne innkallingen, men ingen av kvinnene.

De er anmeldt for å ha deltatt i ulovlig dans i Eriksrud
den 6/4 6.3. De innkalles herved til å møte i Bjørkholt fredag
den 11. september 1942 kl. 12,30 for å gi forklaring i saken.

Øyer den 9. september 1942
Lensmannen i Øyer
Ingvar Huuse



Som det går fram av innkallingen, var det lensmannen i Øyer, Ingvar Huuse, som hadde underskrevet den og som forhørte oss. Han kunne ikke annet gjøre ettersom det var innlevert anmeldelse på saken. Han hadde sikkert med vilje trukket det ut i det lengste ettersom det gikk så lang tid før innkallingen kom.

Lensmannen var også heimefrontmann, og hadde gått inn i Nasjonal Samling etter avtale med Heimefronten. Han var således en svært verdifull mann for Heimefronten, men hadde en ytterst vanskelig og farlig

doppelbelønning. Hadde det blitt oppdaget, hadde hans dager vært talte!

Det var ikke vanskelig å bli forhørt av lensmann Huuse. Jeg kan ikke huske annet enn at vi ble sagt at dette var ulovlig og en mild formaning om å la være å holde slike sammenkomster. Og da hadde jo han gjort sin plikt. Hver av oss fikk kr. 25,- i bot.

Dette var et eksempel på hvordan tyskerne og Nasjonal Samling prøvde å kontrollere og kneble det norske folket, og vant selvfølgelig ingen sympati med slikt, snarere tvert imot!



I forgrunnen: Forsamlingshuset Eriksrud i 1953. Foto: Widerøe.

Demonstrasjon for kong Haakon

Det var flere måter å demonstrere for landets lovlige myndigheter på, blant annet med å skrive kong Haakons monogram på oppslagstavler, grinder, husvegger, mjølkeramper og ellers der det kunne bli sett av folk flest, gjerne inne i en stor V. Stor V står for Victory, altså seier, men jeg tror ikke vi var klar over betydningen. Med å sette H-7 inne i denne, ville en si: Kong Haakon den 7. og det han står for, vil seire!



Koppermyntene som var laget før krigen, hadde kong Haakons monogram på ene siden. Disse kunne en lett lage luermerker og brystnå-

ler av ved å lodde på ei nål på baksiden. og ellers file bort alt annet enn konge-monogrammet. Artikkelforfatteren gjorde det, og fikk en bot på 10 kroner! Boten ble vedtatt!

3. august 1942 var kong Haakons 70-årsdag. I mange byer her i landet, også på Lillehammer, markerte folk dagen med å sette en rød blomst i knapphullet. Og det ble det voldsomt spetakkel av. Folk ble arresterte og bøtelagte.

Å gå med erteblostmønstre var også ansett som demonstrasjon. Blomsterslaget var selv sagt ikke tilfeldig.

Likeså en uskyldig binders på jakkeslaget. Bindersens oppgave er som kjent å holde sammen, og en binders på jakkeslaget var en påminning om samhold mot okkupantene og deres støttespillere.

y
Bot nr.
Gudbr. politid 1941

FORELEGG

Kjell Elvestad, født 22/12-1924, m/ varje,

Tretten,

forelegges herved for forseelse mot
lov nr. 6 av 29/1-1918 § 5 jfr. § 1
for å ha overtrådt bestemmelsen om at innsmelting, eller annen omdannelse av norsk skillemønt er forbudt,
ved at han høsten 1940 på Tretten omdanna et norsk 1-søre
til en nål, som han brukte som luermerke,
å vedta en bot av kr. 10,00 -ti kroner-
til statskassen eller, hvis boten ikke erliegges, en straff av fengsel i 6 -sekunder- dager:

Vedkommende oppfordres til innen 3 - tre - dager etter mottakelsen å erklare om foretaket vedtas. Hvis dette ikke vedtas, oppfordres han til innen samme frist å oppgi hvilke vitner ønskes avhørt. Vedtakelsen av forelegg kan skje til underliknende eller til lensmannen, enten muntlig eller skriftlig ved påteking og tilbakessending av dat øne eksemplar.

Gudbrandsdal politikammer 6. januar 1941.

Forelegget vedtas:
Kjell Elvestad 7/1 1941.
Joh. Kjærstad
Gudbrandsdal

Red:

Farmere i Wisconsin med røtter på Nord-Tretten

På husmannsplassen Glomstadhaugen bodde det rundt forrige århundreskifte en familie på 11: mor Anne, far Edvart og deres ni barn: Kristian, Marie, Johan, Agnete, Johanne, Sigurd, Ivar, Trygve og Egil. Disse ni barna var født i tidsrommet 1889 - 1906.

Amerikafeberen var sterkt i disse tider som den hadde vært i flere tiår. Amerika stod som det store og forlokkende landet, kanskje spesielt for folk som hadde mye å vinne, men lite eller ingenting å tape. En nabo, Jakob Klemetsen, hadde emigrert alltid i 1873 og var omkring 1905 på besøk i gammelandet. Det han hadde å fortelle, var interessant og spennende. Eldstegutten Kristian var spesielt interessert. Han opprettet en kontrakt med Jakob: Jakob skulle forskuttere billetten hans, og Kristian skulle arbeide hos ham til utleget var tilbakebetalt. I 1906 – bare 17 år gammel – reiste han alene til Amerika. Han hadde også to morbrødre i Coon Valley som hadde farm, Ole og Mathias Brenna.

Faren, Edvart, virket blant annet som slakter i tillegg til husmannspliktene. I dette arbeidet var han så uheldig at han skar seg og fikk blodforgiftning. Han døde av det, bare 51 år gammel. Anne satt att med åtte barn i alderen femten til fem år.

I 1912 reiste Agnethe og Johan. Johan forandret navnet sitt til John. Han tok med årene over farmen etter de to morbrødrerne sine, Ole og Mathias Brenna. Marie og Johanne reiste i 1914. Alle slo seg ned i Coon Valley. I 1916 reiste så Anne med de fire yngste ungene, minstemann var ni år gammel.

Glomstadhaugen er for lengst borte, for jorda er dyrka opp. Ikke engang tomtene etter husene er synlige. Flere av familiene har vært på besøk på gamle tomter, og folk fra Nord-Tretten har vært i Coon Valley – til gjensidig glede. *Hauga-ongan* kalles de enda på Nord-Tretten disse barna og ungdommene som utvandret fra Glomstadhaugen da det 20. århundret var ungts.


Denne artikkelen stod i *La Crosse Tribune*, Wisconsin, søndag den 8. september 1996. Her får vi høre om to sønner til Johan, Ernest og Joseph. De er nå rundt 80 år gamle, men er fremdeles i fin form og aktive farmere.

Brødre for livet

av Ken Brekke

Tiden har stått stille på en farm nær Coon Valley, hvor brødrene Ernest og Joseph Haugen har bodd, arbeidet og holdt ut i alle sine dager. Hit kom de i 1925 sammen med foreldrene sine, John og Amanda Haugen.

De to brødrene overtok farmen etter foreldrene, og har aldri reist derfra. Farming falt dem naturlig, og de vedgår at de liker landlivet. Farming er en heltids beskjæftigelse. Farmen er på 160 acres (647 da), fordelt no-



Mens Joseph steller med sjakkbrettet, fyller Ernest vann på tanken i den vedfyrt komfyren for oppvarming til neste morgen.

enlunde likt på skog og dyrket mark. De deler arbeidet på farmen som fortjenesten, og har bare en hovedklage: Det trengs mye mer melk nå for å få kjøpt en picup enn det gjorde før!

Hjort og kalkun streifer rundt i skogene som skråner ned fra utkanten av de godt markerte jordene på farmen på toppen av den bratte lia, nær Coon Valley.

Utsikten strekker seg 15 til 20 miles (25 til 30 km) i de fleste retninger, sier Ernest Haugen, der han står i sin noe gammeldags overall til knes i den tredje avlingen av alfalfa dette året. Vi ser siloene fra nabofarmene som rager mot himmelen på toppen av åsene i det fjerne, mens han snakker om de forandringerne i jordbrukslandet han har sett med årene. - Men vi har ikke forandret oss mye, sa hans bror, Joseph, som sprader rundt i et par dongeri-bukser som går bare til midjen, noe som antyder at han er den yngste av de to brødrene.

De nekter å snakke om hvor gamle de er, men erkjenner ivrig at de har holdt det gående ganske lenge nå. De sivile naturvernarbeiderne (the Civilian Conservation

Corps) bygde terrasser ibakken da de kom tilbake fra skolen i 1934.

De gikk på Erickson School, som er ca 1,5 miles (ca 2,5 km) borte, langs Sveum Ridge Road, hvis du går gjennom jordene til Haugen – noe Ernest sa han gjorde til han sluttet på skolen i 1936. Da var han ferdig med 8. klasse.

Stålringler stikker fram fra grunnmuren til uthuset som ble bygd i 1913 og kostet 800 dollar. Man brukte å feste tømmer til disse ringene. -

Her brukte det å stå mange hester, minnes Joseph. Brødrene mistet sine siste hester i sovesyke i 1959.

- Begge to døde på samme dag, minnes Joseph.

- Det var en trist dag, husker Ernest.

Men det er hyggeligere ting å se på Haugens farm i disse dager:

- slik som de tre kalvene i det reine fjøset deres. De vil kanskje vokse til og slutte seg til bølingen på 30 melkekyr av rasen Jersey, alle alet fram av brødrene Haugen.

- slik som Blackie, den vennlige kjøteren som noen forlot på deres område i 1989. Da veide den 24 pund (litt over 10 kg), men etter å ha spist middagsrester i 7 år har Blackie blitt nesten dobbelt så tung.

- slik som de 18 terrassene på markene til Haugen som har holdt seg gjennom tiårene. De holder fortsatt bedre på regnet, og forhindrer erosjonen som truet eksistensen til farmene på høydedragene rundt i Coon Valley-områdene, helt til budskapet om terrassejordbruk kom i 1930-årene. Et stort elvefar arbeidet seg vei ut av skogene og inn på jordene før terras-



Ernest holder seg fast i traktorsetet mens Joseph kjører ut for å arbeide på havreåkrene.

sene ble bygget, minnes Ernest. Men de sivile naturvernarbeiderne (the CCC) fylte igjen dette elveleiet og andre og stoppet erosjonen. – Vi har ikke hatt problemer siden, sa Ernest.

- slik som det gamle huset som fremdeles gir husly til brødrene, akkurat som det har gjort siden det ble bygget i 1864. Hjemmets originale vinduer virker bra, rapporterer brødrene, mens de nye som ble installert for en ti år siden, alt har begynt å råtne.

Erfaringer som de med vinduene, har overbevist Haugen-brødrene om at det som er nytt, ikke alltid er bedre.

Det er ikke nødvendig for dem å kjøpe ny

traktor, antyder de, for de tre de har, gjør en bra jobb. Den *John Deere B*-traktoren de har fra 1941, må for eksempel trilles i gang før den vil starte. – Men da går den perfekt, sa Ernest

Denne traktoren, og de andre to, en 1953 *John Deere 50*, og en 1953 *John Deere MT*, er små sammenliknet med dagens hestekraft-standard. Men de passer perfekt til Haugens øvrige utstyr og småskalajordbruk. Dette utstyret innbefatter en høylesser fra 1940-årene, som ville virket mer hjemme bak en vogn trukket av hester. Brødrene brukte høylesseren litt i sommer da de bestemte seg for å spare utgifter til snøre til maskinen som lager høyballer.

Det ble imidlertid laget baller av den sis-

te høyavlingen, og ballene ble plassert i et skur som tidligere ble brukt som lagerskur for tobakk. Ernest, som roser seg selv som en flink snekker, bygde dette skuret i 1950. - Det er det største skuret jeg har satt opp, sier han, idet han peker på de rette linjene og bærekablene som retter seg etter varmen og kulda i de skiftende årstider i Wisconsin.


Brødrene har alltid vært gode naboer, sa Evelyn Sveum som bor på neste sted langs Sveum Ridge Road. - De er snille gutter som vanligvis holder seg for seg selv. De virker fornøyde, og de har ganske visst gjort det bra, sier hun.

Brødrene deler på arbeidet på farmen. Ernest tar seg for eksempel av reparasjoner som krever snekring, mens Joseph spesiali-

serer seg på å fikse mekaniske ting. Begge melker, selv om Ernest håndmelker noen gjenstridige Jersey-kyr, mens Joseph kjører melkemaskinene. Joseph vasker melkeutstyret, men Ernest vasker opp etter middagen, som vanligvis består av hamburgere og poteter, skjønt her om dagen viste Ernest stolt fram helkornbrød som han selv hadde bakt

De klipper håret til hverandre, og hogger sine egne gjerdestolper, klipper plenen med en plenklipper som må skyves, og stort sett kommer de godt ut av det med hverandre. - Det er nødt til å bli noen uoverensstemmelser, sa Ernest, men ingen alvorlige nok til å true deres forhold.

- Hvorfor har aldri de to ungkarene giftet seg?



Ernest og Joseph bruker fortsatt en høylesser bygd i 1940-årene til noe av arbeidet.

- Jeg vet ikke, sa Ernest, først må en få seg en venninne. Ernest drog til Norge i 1985 for å besøke slektinger der, men vanligvis holder brødrene seg nær hjemmet. Som oftest legger de seg kl. 21, og står opp kl. 4, noe som er rimelig da melkingen begynner kl. 5.

Det er vanligvis fjernsynet som sørger for underholdningen om kvelden. De har satellitt-antenne til TV-en i bakgården. Den overraskende tilknytningen til den moderne verden, gir brødrene muligheten til å se baseball-kamper. De bruker en god del tid til å se på *the Chicago Cubs* selv om Joseph gjør det klart at han er tilhenger av *the St. Louis Cardinals*.

Noen ganger betyr lørdagskveld en tur

inn til Coon Valley for en øl eller to på de lokale kroene. Ernest tilstår også at han av og til tar en tur til barene i sentrum av La Crosse. – Men jeg går over til Pepsi etter tre øl, sier han.

- Det er ikke snakk om å ligge lenge, selv etter en natt på byen, sa Ernest. Å være lenge oppe, er ingen unnskyldning for å sove over vekkingen kl. 4, heller ikke er det god nok grunn for en ettermiddagshvil. – Det har jeg aldri tatt, sier han

Jan Harald Paulsrød, Gjøvik, har skaffet denne avisartikkelen.

Marit Rusten Finfoft har oversatt den til norsk.

Odd Bjerke har skaffet bakgrunnsopplysningene om slekta på Nord-Tretten

Oddvar Stensrud:

Om Hybelen

Sør-øst for Gråkorphaugen i Øyerfjellet ligger det ei stor gras-slette. Sletta ligger lunt til omgitt av bjørkeskog. Herfra har en fin oversikt nedover til Høverbujønnet og videre nedover Åstdalen. I øst kan en skimte Bøsetra. I øvre kanten på sletta er det murrester som viser tegn til at det her en gang i tiden har vært bebyggelse.



Nybygd seter – protest og riving

I Bygdabok for Øyer bind 2 skriver Tor Ile at det var en Amund Håkonson Kolbu som i 1850-årene innretta seg nytt seterbol i Gråkorphaugen, og havna både med egne og fremmede krøtter der. Navnet Hybelen er her ikke nevnt, men det var trolig her på denne sletta at Kolbu hadde bygd seter.

Det ble protestert mot den nye setra fra setereierne på Aksjøsetra. I første omgang

kom det til et forlik der. Kolbu fikk lov til å ha seter i området til og med år 1857, men innen 14.4. 1858 skulle setra være fjernet fra området.

Eieren av setra fulgte ikke opp dette forliket, og etter en tid ble Fogden forelagt saken med pålegg om å fjerne setra. En fullmekting fra Fogdeembetet, Peter Olsen, kom da til Aksjøsetra og fikk med seg mannskaper derfra. De var med innover og rev ned



husene på setra. Trolig er det rester etter denne seterbebyggelsen som fremdeles vises her.

Nye seterplaner

I 1948 søkte Østen Tande og Trygve Simengård på Tretten, Øyer fjellstyre om tilskudd til bygging av veg fra Djupslia til Hybelen. Her blir navnet Hybelen brukt om stedet. Tanken var at Tande og Simengård skulle begynne seterdrift i området.

Tande hadde da – som nå – seter på Nore-Brennlia. Simengård hadde ikke seter i allmenningen, men på Søre Veslesetra like ned for allmenningsgrensa. Fra Øyer fjellstyre ble det gitt et tilslagn om tilskudd på kr. 1,50 pr. m. veg. Veglengden ble oppmålt til

3.750 m. Fjellstyret gav også tilslagn om kr 1.000,- til bygging av bruer over Ner-Åstelva og Skytillbekken.

Den omtalte vegbyggingen og planene om ny seterbebyggelse i Hybelen, ble det ikke noe av denne gangen, og derfor ble det heller ikke aktuelt for fjellstyret å utbetale noe tilskudd til den omsøkte vegbyggingen.

Hva navnet Hybelen kommer av, har jeg ikke hørt noen forklaring på, men trolig har stedet fått dette navnet i forholdsvis nyere tid, da en ikke kan finne dette navnet er brukt i noe eldre skriv. Det er likevel kjent at folk født omkring 1890 brukte det i sin ungdom.


Lars Holmen:

Jens Skanke - ein uvanleg prest i Øyer

*Det er Betel i den Herres Jesu Nafn.
Jens Skanke 1727 d. 27 May.*

Dette sitatet er innhogge på ein Stein i grunnmuren til Tretten-kyrkja. I Bygdeboka står det at denne mannen truleg var byggmeisteren sidan denne innskrifta er gjort under byggjinga, og at han såleis har signert verket.

Men der har den gode bygdebokskrivar teke feil. Den beste kan gjera det, og det er det som har skjedd her. Seinare er det komme fram at Skanke var kapellan hos sokneprest Monrath i tida 1721-29, og såleis ordinert prest. Da rimar det også betre at han var gift med Margrethe Monrath, eldste dotter til soknepresten.



Lorentz U. Pedersen, tidlegare sokneprest i Lillehammer og prost i Sør-Gudbrandsdal prosti, har funne ut somt om denne presten. Jens Skanke var fødd i Jämtland 25. nov. 1695. Han vart akademisk borgar ved København Universitet i 1720. Dekanus har ein merknad i matrikkelen om at det skjer på vil-kår av at han gjer ein sterkare innsats i studia og betre framgang i seinare prøver. Skanke kom frå katedralskulen i Trondheim med

den latiniserte namneforma Janus Jani Skanke dvs. Jens Jensen Skanke. Våren året etter tok han theologisk embeteksamen ved universitetet og den praktiske prøva ein snau månad seinare, både med karakteren *haud. illaudabilis* som tyder *neppe u-rosverdig*. Her er det også opplyst at han har planar om å komme attende til Trondheim, og den enda meir interessante opplysninga - at fødestaden var *Jämtland!*

25. november same året – altså 1721 - kalla sokneprest Monrath i Øyer han til sin "Capellan Pro Persona og medtienier i Ordet formedelst Sognenes Vidløftighed". Slik står det i den kongelege stadfestinga av kallsbrevet, 30. juli 1728 – nesten 7 år seinare. Dei forhasta seg ikkje i det kongelege kancelliet!

Hist og her kan ein finne meir om Jens Skanke, men mye er borte for alltid ettersom kyrkjboka for Øyer er svært ufullstendig på denne tida. I åra 1716 til 1739, 24 år, er 11 årgangar heilt borte. Dei andre 13 årgangane i same tidsrommet er berre delvis ført. I juli 1727 er han fadder til eit av borna til soknepresten, og han er da titulert *commminster i Øyer*; dvs: *medtenar*.

Det er elles fleire ting som tyder på at han hadde ein militær bakgrunn, og at han framleis har ei tilknyting til militærvesenet. Han hadde t.d. ei attest frå stiftsamtmannen Iver von Ahnen i Trondheim om at han i 1719 var den første som varsla om at svenskane var på veg til Norge. Dette skjedde under den store nordiske krigen.

Dramatikk på Jevne

Den 17. februar 1727 var bygdetinget set på tinggarden Jevne. Åtte menn frå bygda utgjorde lagretten, og futen, Svend Stenersen, og lensmannen Johannes Jevne var tilstades, og elles den tingsøkjande allmugen. Kven som helst kunne møte opp der.

Mellom andre saker var også kapellanan i Øyer, Jens Skanke, stemna for retten for usømeleg åferd mot lensmannen, og det på sjølve tinggarden. Skanke møtte ikkje til rettsmøtet, men sende Johannes Jonsen Lunke i staden for seg – slik det var høve til. Han grunngav det med at han var *svag*, og at han ikkje ville møte for den sivile retten. Det måtte vel da vera for ein militær domstol han ville møte for.

To stemnevittne, Peder Li og Lars Sletten,

hadde vore hos Skanke som budde på Bryn, for å forkynne honom stemnemålet – slik det skulle gjerast. Skanke vedstod seg det han var stemna for og vart bydd ein kopi av det skriftlege stemnemålet, men det ville han ikkje ta imot. Han hadde også truga med at han oftare ville behandle lensmannen slik. Ja, om han skulle betale sine 9 riksdalar i bot, skulle han få meir ein annan gong, hadde han sagt!

Saka galdt ei hending vel to månader før, den 12. desember 1726. Det som hadde hendt, kom fram av det tre vitne fortalte under rettsmøtet. Dei to første vitna, Hans Knudsen, husmann på Jevne, og Hans Trondsen Skåden som var bror til lensmannen, forklarte seg heilt likt:

Fire menn sat ved bordet i stua på Jevne. Det var kapellan Skanke, major Mellman og løytnant Vogt, og verten, lensmann Johannes Jevne. Ein av offiserane bad kapellanan drikke med dei av eit krus som stod på bordet, men det nekta han. Da sa lensmannen, sitert etter tingboka: - *Det er ikke til å tro at presten er storaktig!* Men da vart kapellanan sint, tok ølkruset, sprang frå bordet og slo lensmannen i hovudet med så kruset gjekk i mange bitar og blodet rann frå eit stort hol i hovudet hans. Deretter slo han lensmannen med bakvendt hand.

Det tredje vitnet, Kristen Flatstulen, var ikkje inne i stua under dette opptrinnet, men han hadde møtt desse fire mennene i døra på tur ut. Lensmannen blødde da så sterkt at han måtte skifte trøye.

Dei andre som var innstemnde som vitne – det måtte vera dei to offiserane – ville heller ikkje vitne her, men i eit anna forum. Prokurator Hans Sverdrup som ført saka for lensmannen, sa frå at han ville føre dei som vitne i deira eige forum. Det måtte vera den militære strafferetten.

Meir står det ikkje i tingboka om denne saka. Heller ikkje står det noko i lagtings-

protokollen. At Skanke hadde selskap med offiserar, og at han ikkje ville møte for den sivile retten, kan også tyde på at han hadde kontakt med militærvesenet.

Meir dramatikk – denne gongen på Bryn

Det går ikkje lenger enn til 11. juni same året så kjem kapellanen opp i ei liknande sak. Den kom opp på haussttinget den 25. september same året. Også nå er retten set på Jevne. Desse var aktørar i dette dramaet: Sersjant Gunder Pedersen Bøe som losjerte på Flåtåmo, kapellan Jens Skanke, lensmann Johannes Jevne og Tron Moshus. Soldat Svend Jonsen Glømmen og Jens Tollefse Li var dei viktigaste vitna i rettssaka. Det var også fire andre vitne.

Bakgrunnen for dette rettsmøtet var eit opprinn på garden Bryn der kapellan Skanke budde med kona si, Margrethe Monrath, og det var sersjant Gunder Bøe som hadde stemna kapellanen, lensmannen og Tron Moshus fordi dei med *Hug og Slag hadde overfaldet ham udi bemeldte hr. Schanches hus.*

Alle dei tre innstemna møtte for retten og sersjant Bøe bar fram stemnemålet, men meir enn det som er nemnt ovanfor, er ikkje referert i tingboka. Skanke på si side leverte ei grei skriftleg forklaring om saka som han kravde opplesen. Det fekk han, men heller ikkje *den* er referert i tingboka. Saksøkjaren, Gunder Bøe, kravde også at retten skulle ta stilling til at Skanke hadde komme med nærgåande ord mot honom da han leverte honom stemninga. Kapellanen svara at det sersjanten hadde fortalt i stemninga, var *lygn!* Futen forlangte at det skulle fôrast i protokollen at Skanke hadde slått i tingbordet fire gonger! Men da tennte han skikkeleg og ropte, ordrett sitert etter tingboka: *Fanden fare i mig skal jeg ikke betale dig*, og slo i tingbordet for femte gong!

Dei to vitna, soldat Svend Jonsen Gløm-

men og Jens Tollefse Lie fortalte i retten kva som hadde hendt:

Svend Jonsen skulle gå til Bryn for å gjera eit forlik med Skanke. Han var innom på Moshus og fekk med seg Trond Moshus som skulle vera vitne til forliket. Deretter gjekk dei til Jevne. Der var sersjant Bøe som også hadde fått innkalling til Skanke. Han hadde bedt lensmann Jevne om å bli med seg som vitne, og så gjekk dei alle fire til Bryn. Dei fekk straks Skanke i tale og etter noko samtal vart soldaten og Skanke einige om det dei hadde seg i mellom, men det står ikkje kva det galdt. Dette var lensmannen og Trond Moshus vitne til. Det er ikkje referert noka samtale mellom kapellanen og sersjanten.

Deretter tok sersjant Bøe avskil og gjekk frå Bryn, og han bad soldat Jonsen skunde seg etter. Da det drog ut med det, kom sersjanten attende og spurde kvifor han vart så lenge? Soldaten svara at han ville sjå kista si forvert. Det måtte vera den militære utstyrs-kista hans det galdt, og som måtte vera i forvaring på Bryn. Her har vi nok ei opplysning som tyder på at Skanke også hadde ein militær funksjon. Sersjanten hadde da trekt kården sin og slått soldaten nokre lette slag over ryggen – utan at det gjorde noko. Dette skjedde i drengestua på Bryn..

Da kom Skanke og bad sersjanten inn i stua att, og han fylgte med inn. Kva sersjant Bøe var innkalla for, kom ikkje fram her, men det måtte vera noko i hans stilling som sersjant, for på eit seinare rettsmøte legg sersjanten fram brev frå Skanke til kaptein Coucheron, dagset ei veke før dette opprinnet på Bryn, og eit brev til han sjølv frå Skanke – dagset to dagar før - som provar at Skanke hadde sjølv bedt han komme til Bryn. Kaptein Coucheron var sjef for det kompaniet som både soldat Jonsen og sersjant Bøe høyrdde til.

Soldaten vart verande i drengestua, men ei tid etterpå gjekk han ut på gardspllassen.

Da høyrde han det var *alarm og bulder* inne i stua, og derfor gjekk han inn. Der var det regelrett slåsskamp der både lensmannen, kapellanen, Tron Moshus og sersjanten var involverte – dei tre fyrste mot den siste. Dei slo kvarandre i golvet, låg over kvarandre, lugga og drog kvarandre etter håret, og det var til dels hard ordbruk – også skjellsord! Sersjanten hadde da ropt til soldaten at han for Guds skuld måtte hjelpe honom så han slapp ut av stua med livet! To andre vitne, Jens Tollefsen Li og Mogens Christensen som var tenestekar hos Skanke på Bryn, hadde vorte innropt medan dette stod på. Jens Tollefsen seier slik til kapellanen: *Gud bevare mig hvilket huus her holdes! Vil I ikke have fred, eller kan I ikke nyde fred, saa lys fred i Eders huus som en Prestemand!* Deretter lyste kapellanen *fred i huset*. Sersjanten vart kasta på dør og sette seg ei stund i svaldøra, og vitna fortalte at blodet rann fra andletet hans. Etter ei stund gjekk sersjanten og soldaten til Jevne.

Tredje vitnet, Amund Christensen skreddar, hadde vore på Jevne denne dagen og fortalte at sersjant Bøe hadde komme der om morgonen og bedt lensmannen bli med han til Bryn som han også gjorde. Mot eftan hadde han komme attende dit, og vitnet såg da at han var blå under augo og blodete i andletet.

Fjerde og femte vitne, Niels Joensgaard og Jørgen Glømmen, vitna at dei 12. juni om kvelden hadde vorte bodsende til Flåtåmo der sersjant Bøe losjerte for å sjå hans tilstand. Dei fann da sersjanten sengeliggende og han såg därleg ut. Han var blå under augo og i andletet. Saka vart ikkje teken opp til doms på dette rettsmøtet.

Nytt rettsmøte, 19. februar 1728

Ved dette rettsmøtet møtte ikkje kapellanen opp, men sende bror sin, Peter Skanke, i staden. Han hadde sagt at det ikkje var hans

måte å bøye seg, og sa også nå at denne retten ikkje var hans rette forum. Mogens Christensen, var stemna som vitne på dei innstemna si side. Han hadde vore tenestekar hos Skanke eit års tid da dette klammeriet på Bryn skjedde og var også til stades under ein del av det. Nå la han fram skriftleg vitnemål frå Skanke og kona hans i saka, og det vart opplese. Kona til kapellanen er aldri nemnt med namn, men er 4-5 gonger omtala som *hans Kiereste* og ein gong som *Madammen*. Tenestekaren uttalte seg elles nokså likt med det som hadde kome fram ved førre rettsmøtet.

Tredje rettsmøte, 16. juni 1728

Ved dette rettsmøtet blir det avsagt dom. Provsbrevet frå kapellan Skanke og kona hans vart ikkje tillagt vekt fordi kapellanen sjølv var av dei innstemna, og kona var såleis inhabil. Hovudvekta blir lagt på det dei to første vitna, soldat Svend Jonsen Glømmen og Jens Tollefsen Li, fortalte sidan dei hadde sett mest av denne bataljen. Vitneprovet til Skankes tenestekar, Mogens Christensen, stemmer også godt med det desse to første vitna hadde fortalt.

Dom

Sorenskrivaren dømer Johannes Jevne og Trond Moshus til å bøte til Kongen 9 riksdalar kvar, likeså noko til sersjant Bøe for reparasjon av skadd utstyr, og dei må betale 12 riksdalar kvar i sakskostnader. Bøter og sakskostnader skal betalast innan ein månad etter at denne domen er dei forkynt.

Retten kan derimot ikkje sjå at kapellanen hadde gjort noko anna enn det ein god vert gjer så som han har styrt til rette, traktert gjestene sine godt og lyst fred i sitt hus. Han blir derfor frikjend for søksmålet.

Fjerde og siste runde i rettssaka

Dei dømde, lensmann Jevne og Trond Mos-

hus, ankar domen, og den 18. juni 1729 kjem den opp for Lagtinget. Prokurator Hans Sverdrup er fullmektig for dei straffe-dømde mot sersjant Gunder Bøe som ikkje møtte på Lagtinget. Her blir sorenskrivaren sin dom underkjent av Lagtinget. Margrethe Monrath, kona til Skanke, hadde nå også lagt fram skriftleg vitneprov. Nå vart dette tillagt stor vekt: truleg fordi mannen hennar nå var frikjend for søksmålet og ho hadde vore tilstades under heile bataljen.

Før er det sagt at soldat Jonsen skulle gje ra eit forlik med Skanke. Nå er det sagt at kapellan Skanke skulle få til eit forlik mellom sersjant Bøe og soldat Jonsen, og at desse to hadde med seg kvart sitt vitne: lensmann Jevne og Trond Moshus. Kanskje er det skrivekaren som ikkje har vore nøyaktig? Her er enda eit teikn på at Skanke måtte ha ein militær funksjon.

I domspremissane heiter det:

Det er fuldkommelig bevist at Sergeanten den 11. juni 1727 etter at hand med skieldssord angreb lensmanden og derefter uden minste givne anledning gir ham 2-3 ørefikker samt grebet ham i haaret og uanset at lensmanden begierede fred og bad ham holde op, hand dog fortsatte at slaa og lugge ham. Det samme har og Sergeanten forøvet mod Tron Moshus der ville gaa imellem og avstyre det begynte Klammeri hvorforre saae med Lensmanden som med Tron Moshus for at værge og forsvere sig mod Sergeanten er bleven nødsaget at grieve ham fatt i haaret, og kaste ham i gulvet.

Sersjant Bøe dømest til å betale sakskostnader med åtte riksdaalar og erstatning for ulovleg søksmål, men det står ikkje kor mye det er. Heller ikkje står det noko om at sersjanten skal betale noka bot.

Kva med kapellan Skanke?

Det neste vi høyrer om han, er at han går i København der han har søkt mange embete,

men at han alltid hadde mange konkurrentar. I Gratialprotokollen for 1731 er han sokjar til tre ulike prestestillingar der det i alle tre står at han *udi otte aars tid har tenit i Armod som Capellan pro persona, og over halfanden aar har opholdet sig i fattigdom i København* som så mange andre som bad inn-trengjande om kongens gunst. Vidare er det opplyst at *Suplikanten har et meget godt testimonium af Hr. Monrath som er den Sognepræst han har været hos.*

Ein kan undrast på kvifor han reiste frå Øyer når han ikkje hadde noko nytt embete å overta. Men det får vi nok aldri vita. Han må ha døydd i året 1731, 36 år gammal, for i ei inventarliste for Øyerkyrkja i 1732 er det nemnt eit *Døbefad af tin gifvet af Sl. (salig) Hr. Jens Shanche og Hustrue Margrethe Monrath.* At han var fattig, slik det står i søknadene, er det ingen tvil om, for i futerekneskapen same året står Madame Schanche med ei gjeld på 4 riksdaalar og 2 ort. At kona står for denne gjelda, må også tolkast som at han var død. I skiftet etter sokneprest Monrath i 1739, er Jens Skanke nemnt med ein gjeldspost på 32 riksdaalar til svigerfaren. Skiftebrevet som er nemnt der, frå 5. juli 1734 må vera etter kapellan Skanke.

Enka gifta seg att med ein Ole Horster. Han er nemnt i tingboka for Øyer, men det går ikkje fram der kva slags kar det var. I skiftet etter sokneprest Monrath i 1739 er Margrethe Monrath enke for andre gong, 34 år gammal, og bur framleis på Bryn. Det ser ut til at både ekteskapa hennar var barnlause. Ein veit ikkje meir kvar det vart av henne.

Dette er sjølv sagt ikkje heile historia om Jens Skanke, men det er dette vi så langt veit om han. Kjensla av *tragedie* melder seg.

Kjelder:

Tingboka for Øyer 1727-28

Lagtingsprotokollen for 1729

Artikkel av prost Lorentz U. Pedersen i GLT 12. september 1978 og brev frå han til artikkelforfattaren 18. september 1982.

Litterær vandring langs Tjodvegen

Gjennom Øyerbygda går den gamle folkevegen fra jernalderen, også kalt Tjodvegen eller pilegrimsvegen. Den er minst to tusen år gammel. Den går mellom gamle frittliggende gårder som ligger høyt i dalsida. På ei vandring fra Skjønsberg til Vedums-gårdene slo det meg at mange av gårdene og boplassene langs denne vegbiten også har fostret mange skrivere av mange slag. Da jeg etter hvert forfulgte denne tanken, og fordypet meg i stoffet, fant jeg en svært så stor konsentrasjon av ”skrivende årer” som løp parallelt med Tjodvegen.

Øyer – ei skrivende bygd? Noen bygder har et rikt musikkmiljø, andre særegne byggetradisjoner, eller fortellertradisjoner. Øyer har fostret mange skrivere. Især har den nordste delen av bygda det. Med et historisk streif tilbake i tid og fram til i dag, ser vi at det er mange forfattere og journalister som har vokst opp her. Er dette et særtrekk ved Øyer? I så fall – er det da besnærrende å lure litt på om ønske og behov for refleksjon også kan være karakteristisk for bygda. For refleksjon og skriving hører nøyne sammen. Å sette ord på tanken handler om skriving, og å skrive er ei reise i tanken - dypest sett.

”Hvorfor gjør jeg disse notatene? Jeg vet aldri hvorfor et stoff tiltaler meg – eller hvorfor det føles nødvendig for meg å undersøke det nærmere. Først når jeg har bearbeidet stoffet, ser jeg hva som angikk meg mest. Man leter og finner ikke det man trodde man lette etter, men det man egentlig lette etter,” sa Simen Skjønsberg, en av skriverne som vokste opp ved Tjodvegen.

La dette være et utgangspunkt for vandringen langs Tjodvegen. Nok et interessant reisefølge, synes jeg, er å ha med seg bildet på vegen som et bilde på å være underveis – både i skinn og sinn. Å være underveis, blir

et stikkord for vandringen. Pilegrimleia, som ble gjenåpnet i 1997, er den gamle ferdelsåra til Nidaros. Gjennom grundige beskrivelser i Tor Iles *Bygdabok for Øyer*, og den lokale komiteen for pilegrimsleia, fant man igjen denne gamle ferdelsåra gjennom bygda.


Vi starter opp på låvebrua på Skjønsberg, og går sørover i stedet for nordover. Slik får vi også med oss den flotte utsikten over bygda, bøyen på dalen akkurat her og den vannrike elva som snor seg gjennom den.

Skard

Nordover kan vi nå se jordene på Skard. Ætta som sitter på Skard i dag har sittet der siden 1783. På 1800-tallet kom det en ganske uvanlig søskensflokk fra denne gården og ikke så få av deres etterkommere har blitt kjent over hele landet for sin innsats på forskjellige områder. Faren til denne søskensflokkens kjøpte gården av en ugift onkel. Faren het Ole Torsteinsen f. i 1802, og han tok gardsnavnet Skard attpå. Sammen med Mari Lunke, f. 1814, fikk de 9 barn – 25 år mellom den eldste og den yngste.

Ætta var sterkt preget av grundtvigianismen og folkehøgskoletanken. Inspirasjonen

ØYER SOKN



Kartskisse over Øyer. Frå Bygdabok for Øyer.

fra Nikolai Grundtvig, den glade kristendoms herold og initiativtaker til folkehøgskolene, stod i kontrast til haugianismen som allerede hadde sterk forankring i bondekulturen. Haugianismen var preget av

strengt bortsalvor og en noe lovisk fromhet. Enda større kontrast var det nok mellom de nye strømningene og den Johnsonske vekkelse, og mange situasjoner kunne nok bli konfliktfylte. Som da ei av døttrene på



Ole og Marie Skard med barna sine. F.v. Torstein, Matias, Johannes, Ragnhild, Kristian, Kari, Ole og Jon. Den yngste, Lisa, sitter mellom foreldrene. Bildet er fra 1868.


Skard, Kari (1851-1920), skulle gifte seg med Christopher Bruun, ble de ikke viet i kirken. Uten å vite det absolutt sikkert, antar en at sokneprest Dietrichson i Øyer har hindret det, for han likte ikke folkehøgskolene og det de stod for. Vielsen foregikk i en av stuene på Skard. En grundtvigiansk prest, kapellan Müller som var res. kap. i Ullensaker, forrettet vielsen.

Det er viktig å stoppe opp ved folkehøgskoletanken et øyeblikk. For i generasjoner etterpå skulle folkehøgskolen på Voss få stor betydning for flere av forfatterne med tilknytning til Øyerbygda. I sær var det Lars Eskeland som rektor, som skulle bli en stor inspirator.

Johannes Skar (1837-1915) var en av sønnene på Skard. Han viste tidlig boklige evner, og nådde etter hvert langt med sitt vi-

